



Målet er nådd: "Barnehagefamilien" syng utanfor SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag ettermiddag vart eit nytt førjulsinnslag i bygda presentert: Lysmarsj for barnehagebarna i Uskedalen Oppvekstsenter – med tilsette og familie. Pedagogisk leiar Bente Gundersen hadde ideen og ho vonar at lysmarsjen kan bli ein tradisjon også her, som ein passende sluttstrek for "haustsemesteret

- Eg har marsjen med meg frå Myrane Barnehage – no Husnes Barnehagesenter – der eg var pedagogisk leiar tidlegare, fortel Bente til uskedalen.no.

Hit kom ho i fjor haust, På Husnes har det vore avvikla ein slik marsj heilt sidan Myrane vart opna i 1999, men. Bente kjenner ikkje til kvar marsjen kom frå til Husnes..

Opplegget var enkelt: Alle hadde med seg lys og marsjen gjekk i tre kalde grader og under ein halv måne via Geilo, langs riksvegen til Grana og vidare til SPAR. Der song "barnehagefamilien" eitpar velkjende og kjære julestrofar før den vandra samme vegen attende. Det er ingen tvil om at både tilsette og handlande i butikken sette pris på denne hyggelege overraskinga.

Då "familien" var i barnehagen att, var det servering av pepperkaker og anna godt og samstundes filmframsyning.



No er det rundt 50 barn i barnehagen ved Uskedalen Oppvekstsenter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det kan ikkje bli for mykje lys i denne mørketida. Vi trenger det i høgste grad, sa Bente, som minte om at lysmarsjen slett ikkje kjem i staden for Luciafeiringa. Den vart som seg bør og bør avvikla torsdag med skulekamaratane (dei eldste ungane) i hovudrolla.

"Familien" var vel tilfreds etter lysmarsjen med tilhøyrande arrangement. Men det var eitt klart unntak:Guten som høgt og tydeleg kunngjorde at han hadde venta å møte nissen på turen.

Av Ola Matti Mathisen



- Skal det vera ei pepperkake til filmen? Ho som hadde ideen om lysmarsjen, Bente Gundersen, sit bakerst til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)